



Borgerundersøking

Kinn kommune

Om undersøkinga

Borgarundersøkinga i Kinn i 2023 kartlegg innbyggjarane sitt inntrykk av kommunen og tilfredsheit på ulike tenesteområde, blant anna kommunale tenester, tilbod og moglegheiter i kommunen, tryggleik og demokrati.

I denne rapporten presenterer vi funna frå undersøkinga, og trekkjar fram sentrale faktorar for at innbyggjarane skal oppleve Kinn kommune som ein god plass å bu og leve.

UTVAL

Undersøkinga er gjennomført blant eit tilfeldig trekt utval som består av 1303 innbyggjarar i Kinn kommune, alle i alderen 18 år og eldre. Resultata er vekta på kjønn og alder, slik at utvalet best mogleg skal spegle fordelinga på kjønn og alder i befolkninga (også kjent som populasjonen) i Kinn kommune.

Intervjua er gjennomført på respondentens telefon etter invitasjon på SMS. Deltakarane svarte på undersøkinga i perioden frå 27. mars til 09. april 2023.

PRESENTASJON AV RESULTATER

I undersøkinga har respondentane vurdert ulike område knyta til Kinn kommune på ein skala frå 1 til 5, til dømes frå 1 «Svært misnøgd» til 5 «Svært nøgd». I denne rapporten er svara koda om til standardiserte gjennomsnitt på ein skala frå 0 til 100, der 0 er det dårlegaste resultatet og 100 er det beste resultatet. Hensikta med dette er å forenkla tolkinga av resultata, blant anna når ein samanliknar resultata til ulike grupper. *Sjå «Borgarmodellen» for ei forklaring av måla i undersøkinga og tolking av resultata.*

I rapporten er resultata til Kinn kommune samanlikna med tal for kommunar med mellom 15.000 og 29.999 innbyggjarar samt snittet for heile fylket. Tala som er brukt til samanlikninga, er samla inn i ein nasjonal benchmark, som blei gjennomført på nett blant eit representativt utval på 1000 personar i Noreg. Vi har også sett på forskjellar mellom ulike grupper blant innbyggjarane i kommunen, som kjønn, alder, hushaldnings-

inntekt og utdanning. I rapporten viser vi hovudresultat for kjønn og aldersgrupper, og alle resultata for undergruppene er i vedlegget.

TESTING AV SIGNIFIKANS

Det er gjennomført signifikanstesting av forskjellar mellom resultata til Kinn og det nasjonale gjennomsnittet, samt mellom ulike undergrupper. Hensikta med denne testen er å undersøke om resultata til ei undergruppe er forskjellig frå motsatsen (alle dei som **ikkje** tilhøyrar same kategori), til dømes om innbyggjarane under 30 år svarar forskjellig frå dei som er eldre enn 30 år, eller om det er signifikant forskjell mellom svara i Kinn kommune og det kommuner av samme storleik. Dersom ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet.


Signifikanstestinga gjerast for kvart spørsmål, og forskjellen som er naudsynt for at noko markerast som signifikant kan variere mellom spørsmålene. Ein forskjell på 3 kan være signifikant i eit spørsmål, men ikkje i eit anna. Ein måte å illustrere dette på er om feilmarginen til ei gruppe har overlapp med slingringsmonnet til dei vi tester mot. Eksempelvis: Kinn har svart ganske likt seg i mellom, snittet er 80, med feilmargin på ± 2 . I dette eksempelet tester vi mot benchmark-en for Vestland og kommuner av lik størrelse der begge har ein snittskår på 76. Vestland sin skår har eit slingringsmonn på ± 5 , mens skåren for like store kommuner har eit slingringsmonn på ± 2 . Då vil testen mot kommunane markerast som signifikant då den varierer frå 74-78, mens skåren for Vestland ikkje vil det, fordi den varierer frå 71-81, og dermed kan vere overlappende med Kinns skår på 80 ± 2 (78-82).

Dette er ein forenkling av testinga, men det gir ein illustrasjon på korleis signifikansen testast og rapporterast. Om ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit seie at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Med mindre anna spesifiserast vil all analyse og presentasjon vere statistisk signifikante forskjeller.

Metode

FEILMARGINER VED FORDELINGER

I einkvar utvalsundersøking må ein operere med feilmarginer for fordelinger. Storleiken på feilmarginen avhenger av utvalets storleik, og av resultatet i utvalet. Jo meir prosenten som har ein bestemt eigenskap, nærmer seg 50, dvs. jo meir heterogent utvalet er, desto større feilmargin må vi regne med. I denne undersøkinga med eit utvalg på 1303, vil feilmarginene variere frå 1,6 prosentpoeng ved en 10/90-fordeling til 2,7 prosentpoeng ved en 50/50-fordeling. Figuren under viser korleis feilmarginene utvikler seg ved ulike utvalsstorleikar og fordelinger.



Signifikanstesting

Det er testa om resultatane for kvar undergruppe er signifikant forskjellig frå motsatsen, for eksempel om menn svarer annleis enn kvinner, eller om det er nokon forskjell etter alder. Signifikante forskjeller markerast med pil. Dersom ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit seik at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet.

Oppsummering

HOVEDRESULTAT

Kinn kommune oppnår fleire gode resultat i Borgarundersøkinga 2023, men når ikkje heilt opp til andre kommunar og Noreg totalt på somme faktorar. Kommunen får ein *borgarskår* på **61** (av 100 moglege poeng), eit nokså godt resultat som er lågare enn snittet for kommunar av same storleik (mellom 15.000-30.000 innbyggjarar) (67) og lågare enn det nasjonale snittet (72). Det er ikkje eit framifrå godt resultat, men det er på den positive sida av skalaen. Innbyggjarane i Kinn er noko fornøgde med kommunen sin som ein stad å bu og leve, men dei meiner det kan bli betre.

Kinn får ein middels skår på samlemålet *omdøme* (**53**). Skåren er lågare enn snittet for små kommunar (63) og Noreg (66). På samlemålet *tenestetilfredsheit* får kommunen ein skår på **52**, som er eit middels resultat. Skåren på *tenestetilfredsheit* er på nivå med snittet for små kommunar (61), men kommunen skårar noko lågare enn det nasjonale snittet (66).

KOMMUNALE TENESTER

Totalt sett har innbyggjarane eit middels inntrykk av dei kommunale tenestene (**55**). Skåren på nivå med snittet for små kommunar (62), men noko lågare enn snittet for heile landet (66).

På dei ulike tenesteområda, er det noko variasjon i resultata. For *drikkevatnet* (**83**) er det eit framifrå resultat, og kommunen skårar høgare enn snittet kommunar av same storleik og Noreg totalt, men ikkje signifikant. Innbyggjarane har også eit nokså godt inntrykk av *barnehagetilbodet* (**64**) og *fastlege- og legevaktordninga* (**60**), og det er gode resultat for *avløpssystemet* (**67**). Det er rom for betring i innbyggjaranes inntrykk av vegane (**34**), som er eit lågare resultat enn i kommunar av same storleik og Noreg totalt, samt byggesaksbehandlinga (**40**), men denne skåren er i tråd med kommunar av same storleik.

Renovasjon (**49**), gang- og sykkelstiar (**47**), samt kommunens nettside (**54**) er lågare enn like store kommunar og Noreg totalt. Kinn skårar like bra som Noreg totalt og kommunar av same storleik på pleie- og omsorgstenester (**51**), fastlege- og legevaktordninga, drikkevatnet og avløpssystemet. Vidare skårar Kinn like bra som like store kommunar på næringsutvikling (**55**), grunnskulen (**57**) og byggesaksbehandling (**40**). Sidan svært få svarte på psykisk helse og rus (mange svarte vet ikkje), ble det ikkje med i benchmarken. Det er ein klar samanheng mellom alder og kor tilfreds ein er med dei kommunale tenestene, jo eldre ein er, jo meir tilfreds er ein.

TILBOD OG MOGLEGHEITER

På indeksen *tilbod og moglegheiter* (**61**) får kommunen ein middels skår. Skåren er signifikant lågare enn snittet for heile landet (65), men ikkje samanlikna med kommunar av same storleik.

Utdanningstilbodet (**45**) og barne- og ungdomstilbodet (**51**) er lågare enn det nasjonale snittet og kommunar av same storleik. På *natur- og friluftsliv* (**75**) og jobbmoglegheiter (**60**) er det gode resultat og tilsvarande som like store kommunar og for heile landet. På turisttilbod (**52**), moglegheit til å drive næringsverksemd (**54**), kulturtilbodet (**54**), kollektivtilbodet (**44**) og bustadtilbodet (**58**) er det lågare enn det nasjonale snittet, men likt som i like store kommunar.

TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Kinn kommune får ein nokså god skår på samlemålet som handlar om innbyggjaren si kjensle av tryggleik i kvardagen sin (**61**). Denne skåren er i tråd med kommunar av same storleik (65), men lågare enn i Noreg (68) og det same gjelder beredskapen som i Kinn er **57**. Sjukehusstilbodet (51) vurderast lågare enn for tilsvarande kommunar (63) og Noreg (67) og er ein middels skår. Kinn skårar bra på tryggleik frå kriminalitet (**76**), høgare enn det nasjonale snittet (72) og i tråd med like store kommunar (73).

DEMOKRATI

Demokratiet i Kinn kommune får ein skår på **36**, lågare enn kommunar av same storleik (47) og det nasjonale snittet (50). Kinn får ein låg skår på tillit til politikarane (**34**), politikaranes lytting til innbyggjarane (**33**) og opplevinga av innflytelse (**30**). Kommunen skårar best på spørsmålet om innbyggjarane synest det er enkelt å kome i kontakt med kommunen (**48**).

KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

Resultatet på indeksen *kommunen som organisasjon* (**52**) er middels godt, og på nivå med dei kommunane av same storleik (56), men lågare enn Noreg (61).

Det er relativt liten variasjon i resultatata på dei ulike områda. Kinn skårar best på *informasjon til innbyggjarane* (**54**) og deretter klima- og miljøtiltak (**52**), begge to tilsvarande som i like store kommunar. Skåren på samfunnsansvar og etikk (**50**) er middels og lågare enn like store kommunar og det nasjonale snittet.

TILKNYTING OG TILHØYRSLE

Innbyggjarane i Kinn kommune kjenner i snitt stor grad av *tilknytning og tilhøyrse* til lokalsamfunnet (**70**) og skårar klart høgare enn både det nasjonale snittet (63) og kommunar av same storleik (59). Tilknyttinga til kommunen er ikkje langt bak, med ein skår på **65**. Tilknytting til kommunen er tilsvarande som i kommunar av same storleik og Noreg totalt. På spørsmålet om ein vil anbefale Kinn kommune som bustad svarar respondentane middels (**55**), lågare enn Noreg, men tilsvarande som like kommunar. Kinns høgaste skår til tilknytning er på spørsmålet om

respondenten trur at dei bur i kommunen om fem år (**79**). Dette er tilnærma eit framifrå bra resultat og er klart høgare enn både det nasjonale snittet og kommunar av same storleik.

SENTRUMSATTRAKTIVITET

Respondentane har blitt bedt om å vurdere i kor stor grad dei synest at både Florø er eit attraktivt sentrum, i kvart sitt spørsmål. Det var vilkårleg om respondentane først ble spurt om Måløy eller først om Florø, men dei ble stilt saman. Respondentane synes at Florø framstår meir attraktivt (**49**) enn det Måløy gjer (**37**). Florø er like attraktivt som kommunesentrum i kommunar av same storleik, men mindre attraktivt enn sentrum i Noreg elles. Måløy skårar lågare som eit kommunesentrum enn kommunar av same storleik og nasjonalt. I benchmarken har respondentane blitt spurt om kommunesentrum og både Måløy og Florø samanliknast då med det same målet på kommunesentrum som er 49 for like kommunar og 58 for Noreg.

SAMLA KOMMUNEVURDERING

Den samla vurderinga av kommunen er satt saman av resultatata på borgarskåren, tenestetilfredsheit, omdømet og tilhøyrse til kommunen og til lokalsamfunnet. Kinn kommune får ein skår på **60**, som eit nokså godt resultat. Skåren er lågare enn det nasjonale gjennomsnittet (66), men tilsvarande som kommunar av same storleik.

KVA PÅVERKAR TENESTETILFREDSHEITA?

Kinn kommune oppnår eit middels resultat på tenestetilfredsheit i 2023 (52). Det er spesielt to enkeltfaktorar som er viktige for innbyggjarane si tenestetilfredsheit. For å oppnå enda betre tenestetilfredsheit, vil det vere viktig å jobbe for å styrke resultatata på disse områda:

Tilfredsheita med *pleie- og omsorgstenester* (51) er i dag middels, mens det er en svak skår på *byggesaksbehandling* (40). Ein auke på ein av desse faktorane vil auke det totale inntrykket av tenestetilfredsheita tydeleg. Men ein påverkingskraft på 0,2 vil det å auke inntrykket av byggesaksbehandlinga frå 40 til 50, auke det totale inntrykket av tenestene i Kinn kommune med 2 frå 51 til 53. Det å auke inntrykket av pleie- og omsorgstenester med 10 vil auke totalinntrykket av tenestene litt meir. Vidare er det svært mange faktorar som har relativt låg påverkingskraft, men som har moglegheit til å auke relativt mykje. Moglegheita til å drive næringsverksemd, bustadtilbodet, kulturtilbodet og turisttilbodet er slike faktorar. Sjølv om dei ikkje i seg sjølv har stor effekt, vil ein kunne auke dei mykje, då dei alle no har ein skår rundt 50. Dette er også tilfellet for inntrykket av vegane, med ein skår på 34 og ei påverkingskraft på 0.06. Barnehagetilbodet og avløpssystemet har liten påverking, men også ein ganske høye skår frå før av, desse faktorane er viktig å bevare som dei er. Med å bevare dei høge skårane og forbetre dei låge, spesielt dei med stor påverkingskraft, vil ein få eit betre totalinntrykk av det kommunale tenestene i framtida.

KVA PÅVERKAR OMDØMET?

Kinn kommune har eit middels resultat på omdøme (53), og det er spesielt to faktorar som har stor påverkingskraft på omdømet til kommunen. Tillit til politikarane har ein skår på 34 og ein påverkingskraft på 0,21 og samfunnsansvar og etikk (50) har ei påverkingskraft på 0,2. Ved å styrke desse faktorane vil omdømet til kommunen styrkast i framtida. Jobbmoglegheiter, bustadtilbodet, beredskapen og kulturtilbodet har alle

påverkingskraft på omdømet og ein bør søke å bevare dei. Dei har no middels gode skårar, med jobbmoglegheiter som nokså god.

KVA PÅVERKAR SENTRUMSATTRAKTIVITETEN?

Det er forskjell frå kva som gjer at respondentane synest at Florø framstår attraktivt mot kva som gjer at dei synest at Måløy framstår attraktivt.

Kor attraktivt Florø er påverkast av kva dei synest om moglegheita til å drive næringsverksemd, med ein påverkingskraft på 2,4, etterfulgt av bustadtilbodet og kollektivtilbodet, begge med ein påverkingskraft på 2. Sjølv om både kollektivtilbodet og bustadtilbodet har ein like stor påverkingskraft bør ein prioriterer kollektivtilbodet, då det har lågare skår no (44) enn bustadtilbodet (58). Kulturtilbodet og turisttilbodet har og ein påverkingskraft og vil betre inntrykket av Florø som eit attraktivt sentrum.


For Måløy har og moglegheita til å drive næringsverksemd ein stor påverkingskraft på 3. Ved å betre moglegheita til å drive næringsverksemd vil ein då betre inntrykket av Måløy som eit attraktivt sentrum. Tilrettelegging for natur- og friluftsliv har og ein samanheng med kor attraktivt ein synest at sentrumet Måløy er, men det har liten påverkingskraft og det bør derfor søkast å bevare.

KVA PÅVERKAR BORGARSKÅREN?

Borgarskåren til Kinn kommune er nokså god (61) i 2023. Det er likevel viktig å jobbe for å oppretthalde og ytterlegare forbetre resultatet. Fem enkeltfaktorar har stor betydning for Borgarskåren. Det er i dag middels skårar på samlemålet *omdøme* (53), *tilbod og moglegheiter* (56) som begge har ein påverkingskraft på 0,5. Inntrykket av demokratiet er og viktig med ein skår på 36 og ein påverkingskraft på 0,3. Tilfredsheiten med dei kommunale tenestene har og ein klar påverkingskraft, både på spørsmålet om totalinntrykk og det samansette målet på alle tenestene. Tilknytning lokalt og til kommunen, samt tryggleikskjensla har ein liten påverkingskraft og er viktig å bevare.

Borgarmodellen

Figur: Sentios Borgarmodell



HOVUDMÅL

Hovudmåla i borgarundersøkinga er *Borgarskåren* og dei to samlemåla *Tenestetilfredsheit* og *Omdøme*.

INDEKSAR

Dei fem indeksane er satt saman av spørsmålssgrupper som dekker underliggjande tema.

- Spørsmåla i indeksane *Kommunale tenester* og *Tilbod og moglegheiter* utdjupar Samlemål 1, *Tenestetilfredsheit*.
- Spørsmåla i indeksane *Tilbod og moglegheiter*, *Tryggleik i kvardagen*, *Demokrati* og *Kommunen som organisasjon* utdjupar Samlemål 2, *Omdøme*.

KONTROLLMÅL

Tilknytning og tilhøyrse er eit enkeltstående spørsmål som handlar om innbyggjaranes kjensle av tilknytning og tilhøyrse til kommunen. I tillegg har vi spurt om dei ville anbefalt kommunen som bustad, og om de ser føre seg å bu i kommunen om fem år.


RESULTAT

Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk.

TOLKING AV RESULTATA (SKÅRANE)

80 og over:	Framifrå
70-79:	God
60-69:	Nokså godt
50-59:	Middels
40-49:	Svak
Under 40:	Dårleg

Hovedresultat




↑/↓=Signifikant høgare/lågare enn kommunar med mellom 15-30.000 innbyggare 2023

▲/▼=Signifikant høgare/lågare enn Noreg 2023

Den samlede kommunevurdering er en indeks som består av *borgerskåren*, *tjenestetilfredshet*, *omdømme* og *tilknytning og tilhørighet*. Sentrumsattraktiviteten for Måløy og Florø samanliknast med det same spørsmålet i benchmarken, der respondentane vurderer sitt eige kommunesentrum.


Kommunale tenester



↑/↓=Signifikant høgare/lågare enn kommunar med mellom 15-30.000 innbyggare 2023

▲/▼=Signifikant høgare/lågare enn Noreg 2023


Tilbod og moglegheiter




↑/↓=Signifikant høgare/lågare enn kommunar med mellom 15-30.000 innbyggare 2023

▲/▼=Signifikant høgare/lågare enn Noreg 2023


Tryggleik i kvardagen




Demokrati



Kommunen som organisasjon




Oppsummering



Samlet kommunevurdering er en indeks som består av *borgerskåren*, *tjenestetilfredshet*, *omdømme* og *tilknytning og tilhørighet*. I undersøkelsen har det ikke blitt spurt om tilhørighet og tilknytning og sammenligninger bør gjøres med hensyn til det.

Borgerkrysset: Kinn

Figur: Borgerkryss. Resultatene til Kinn i 2023 sammenligna med andre regionar i Noreg og kommuner med like mange innbyggjarar.




Om borgerkrysset

Tenestetilfredsheit og omdømme er mål på to sentrale område som har å gjere med kordan innbyggjarane opplever kommunen dei bor i – totalt sett. Begge måla har sterk samanheng med borgarskåren.

Borgarkrysset er ei grafisk framstilling av dei to måla. Den horisontale aksen viser tenestetilfredsheit, og den vertikale aksen viser omdømme. Skårane vises som standardiserte gjennomsnitt der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår.

Resultatet for Kinn i 2023 visast med eit blått kryss i midten av figuren.


Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.



Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårer betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på *tenestetilfredsheit* og *omdømme*. Grupper som er nede til venstre i figuren, skårer dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla.

Borgerkrysset: Kjønn

Figur: Borgerkryss. Kjønn.




Figuren til venstre viser korleis kvinner og menn i Kinn plasserer seg på borgarkrysset. Det blå krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Kinn kommune.

Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på *tenestetilfredsheit* og *omdømme*.


Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla – og bør prioriterast for å forbetre kommunens samla resultat.

Merk at aksane er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom gruppene.



Borgerkrysset: Alder

Figur: Borgerkryss. Alder.




Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Kinn plasserer seg på borgarkrysset. Det blå krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Kinn kommune.

Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på tenestetilfredshet og omdømme.

Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla – og bør prioriterast for å forbetre kommunens samla resultat.

Merk at aksane er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom gruppene.



Kva påverkar tenestetilfredsheita?

Faktorar som påverkar tenestetilfredsheita

Tenestetilfredsheit er eit samlemål for indeksane

- Kommunale tenester
- Tilbod og moglegheiter

Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på tenestetilfredsheita. Påverkningskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på tenestetilfredsheit.

Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på tenestetilfredsheita. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for å kunne oppnå ein god skår på tenestetilfredsheit.


Vegar skil seg ut med en ganske lav skår, men også en veldig liten påverkningskraft. Vegane har dermed ikkje like stor påverkningskraft på kva ein synest om tenestetilbodet som ein auke i inntrykket av byggesaksbehandlinga.

Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høgre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for tenestetilfredsheit og kan difor prioriterast lågare.

Tilstand	Vurdering	Anbefalt tiltak
80 og over:	Framifrå	Bevare
70-79:	God	Bevare
60-69:	Middels god	Styrke
40-59:	Svak	Styrke
Under 40:	Dårleg	Styrke

Figur: Tilstand/påverking. enkeltfaktorar som påvirker tenestetilfredsheita



Viktige faktorar som bør styrkast:

Pleie- og omsorgstenester
Byggesaksbehandling

Viktige faktorar som bør bevarast:

Avløpssystemet (tilfredshet med)
Barnehagetilbodet

Kva påverkar *omdømet*?

Faktorar som påverkar *omdømet*

Omdøme er eit samle mål for indeksane

- Tilbod og moglegheiter
- Tryggleik i kvardagen
- Demokrati
- Kommunen som organisasjon

Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på *omdømet*. Påverkingskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på *omdøme*.


Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på *omdømet*. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for å kunne oppnå ein god skår på *omdøme*.

Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høyre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for *omdømet* og kan difor prioriterast lågare.

Tilstand	Vurdering	Anbefalt tiltak
80 og over:	Framifrå	Bevare
70-79:	God	Bevare
60-69:	Nokså godt	Styrke
50-59:	Middels	Styrke
40-49:	Svak	Styrke
Under 40:	Dårleg	Styrke

Figur: Tilstand/påverking. enkeltfaktorar som påvirker *omdømet*



Viktige faktorar som bør styrkast:

Opplevinga av kommunen når det kjem til samfunnsansvar og etikk
Tillit til politikarane

Viktige faktorar som bør bevarast:

Jobbmoglegheiter
Bustadtilbodet
Beredskap
Kulturtilbodet

Kva påverkar borgarskåren?

Faktorar som påverkar borgarskåren


Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på borgarskåren. Påverkningskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på borgarskåren.

Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på borgarskåren. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for å kunne oppnå ein god borgarskår.

Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høgre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for borgarskåren og kan difor prioriterast lågare.

Figur: Tilstand/påverking. enkeltfaktorar som påvirker borgarskåren



Tilstand	Vurdering	Anbefalt tiltak
80 og over:	Framifrå	Bevare
70-79:	God	Bevare
60-69:	Nokså godt	Styrke
50-59:	Middels	Styrke
40-49:	Svak	Styrke
Under 40:	Dårleg	Styrke

Viktige faktorar som bør styrkast:
 Omdømet til kommunen
 Tilbod og moglegheiter
 Demokrati
 Dei kommunale tenestene

Viktige faktorar som bør bevarast:
 Tilknytning til lokalsamfunnet
 Tilknytning til kommunen
 Tryggleiken

Kva påverkar *Sentrumsattraktiviteten* til Florø?

Faktorer som påverkar *Sentrumsattraktiviteten*

Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på *sentrumsattraktiviteten*. Påverkningskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på *sentrumsattraktiviteten*.


Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på *sentrumsattraktiviteten*. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for at respondentane skal svare at Florø er attraktivt.

Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høgre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for *sentrumsattraktiviteten* og kan difor prioriterast lågare.

Tilstand	Vurdering	Anbefalt tiltak
80 og over:	Framifrå	Bevare
70-79:	God	Bevare
60-69:	Nokså godt	Styrke
50-59:	Middels	Styrke
40-49:	Svak	Styrke
Under 40:	Dårleg	Styrke

Figur: Tilstand/Påverking. Enkeltfaktorer som påvirker *Sentrumsattraktiviteten*



Viktige faktorer som bør styrkes:

Moglegheita til å drive næringsverksemd
Bustadtilbodet
Kollektivtilbodet

Viktige faktorer som bør bevarast:

Moglegheita til å drive næringsverksemd
Bustadtilbodet
Kollektivtilbodet

Kva påverkar *Sentrumsattraktiviteten* til Måløy?

Faktorer som påverkar *Sentrumsattraktiviteten*


Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på *sentrumsattraktiviteten*. Påverkingskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på *sentrumsattraktiviteten*.

Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på *sentrumsattraktiviteten*. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for at respondentane skal svare at Måløy er attraktivt.

Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høgre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for *sentrumsattraktiviteten* og kan difor prioriterast lågare.

Figur: Tilstand/Påvirkning. Enkeltfaktorer som påvirker *Sentrumsattraktiviteten*



Viktige faktorer som bør styrkes:
Moglegheita til å drive næringsverksemd

Viktige faktorer som bør bevares:
Tilrettelegging for natur- og friluftsliv

Tilstand	Vurdering	Anbefalt tiltak
80 og over:	Framifrå	Bevare
70-79:	God	Bevare
60-69:	Nokså godt	Styrke
50-59:	Middels	Styrke
40-49:	Svak	Styrke
Under 40:	Dårleg	Styrke